

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

## Protokoll frå styremøte 01/2016

Møtetid: Fredag 16. september 2016, 09.00 til 14.00

Møtestad: Kronbar, Campus Kronstad, Bergen

Til stades: Arvid Hallén, Ingrid M. Albrigtsen, Gunnar Birkeland, Sissel J. Brenna, Cecilie Fredheim, Kari Kjenndalen, Sondre Riisøen, Tom Skauge, Karin Stormo, Kristen Stæger-Breisnes (vara for Neraas), Marit Ubbe, Trond Ueland, Gunnar Yttri, Hege Økland (vara for Berg), Christine Øye

Forfall: Aina Berg, Åse Neraas

Sekretær: Tage Båtsvik

Referent: Audun Kjørstad

Møtet vart leia av styreleiar Arvid Hallén. Tage Båtsvik var direktør med innstillande mynde, og difor styret sin sekretær. Innkallinga vart sendt ut fredag 09.09.2016, og saksliste og møtedokument vart publisert på nett same dag.

## **Sak 001/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Styreleiar ynskte velkomen, og gjorde greie for innkalling, saksliste og etterspurde saker til eventuelt. Ingen saker vart melde til eventuelt.

Sak 001/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
Sak 002/16	Konstituering
Sak 003/16	Strøyming av styremøta
Sak 004/16	Orienteringssaker
Sak 005/16	Forretningsorden for interimsstyret
Sak 006/16	Styregodtgjersle
Sak 007/16	Møteplan
Sak 008/16	Stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet
Sak 009/16	Fusjonsprogrammet, organisering og mandat
Sak 010/16	SAKS-midlar, prinsipp for fordeling
Sak 011/16	Studentombod, oppfølging av fusjonsavtalen
Sak 012/16	Instruks for dagleg leiing i interimspanoden
Sak 013/16	Skildring av budsjettprosessen 2017
Sak 014/16	Skildring av prosess, arbeidet med studieportefølje

Forslag til vedtak:

*Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.*

**Samrøystes vedteke.**

## Sak 002/16                      Konstituering

Styret presenterte seg sjølve. Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Styreleiar fremja forslag om at Kari Kjenndalen skal fungere som møteleiar dersom Hallén sjølv er hindra frå å møte. Økland fremja forslag om at òg vararepresentantane skal listast opp i protokolleringa av denne saka. Båe forslaga vart samrøystes godkjende.

Interimsstyret sin samansetnad:

1. Arvid Hallén, styreleiar
2. Ingrid Moe Albrigtsen
3. Aina Berg
4. Gunnar Birkeland
5. Sissel Johansson Brenna
6. Cecilie Fredheim
7. Kari Kjenndalen
8. Sondre Riisøen
9. Tom Skauge
10. Marit Ubbe
11. Trond Ueland
12. Gunnar Yttri
13. Christine Øye
  
14. Åse Neraas, observatør med tale- og forslagsrett
15. Karin Stormo, observatør med tale- og forslagsrett

Vara for Albrigtsen:	Skage Skei
Vara for Berg, Birkeland, Kjenndalen og Ueland:	Hege Økland (1), Arne Bengt Riple (2)
Vara for Brenna og Skauge:	Ragnar Gjengedal (1), Beate Lode (2), Hege Emma Rimmereide (3), Tor Helge Allern (4)
Vara for Fredheim:	Trond Ødegård
Vara for Riisøen:	Marianne Espelid
Vara for Ubbe:	Nina Parmann (1), Håvard Ulstein (2)
Vara for Yttri:	John Roger Andersen (1), Hege Gjerde Sviggum (2)
Vara for Øye:	Magne Espeland (1), Arne Langøen (2)
Vara for Neraas:	Kristen Stæger-Breisnes
Vara for Stormo:	Ingvild Brekke Myhre (1), Tonje Velde (2)

Forslag til vedtak:

*Styret konstituerer seg sjølv.*

### **Vedtak**

1. *Styret konstituerer seg sjølv.*
2. *Kari Kjenndalen fungerer som møteleiar dersom Arvid Hallén ikkje har høve til å stille.*

**Samrøystes vedteke.**

### **Sak 003/16 Strøyming av styremøta**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Det vart presisert at dette vedtaket berre er bindande for interimsstyret, og at spørsmålet om strøyming av styremøta til Høgskulen på Vestlandet må takast opp på møtet i januar 2017.

Forslag til vedtak:

*Styret vedtek at styremøta skal strøymast.*

**Samrøystes vedteke.**

### **Sak 004/16 Orienteringar**

Styret sin sekretær presenterte saka. Referat frå ID-møte 13.09. vart ettersendt og publisert på nett 15.09. Styret diskuterte saka. Omstillingsavtalen vert etterspurt. Denne vert sendt ut saman med forslag til protokoll, og ligg ved som orienteringssak på neste styremøte.

Forslag til vedtak:

*Styret tek sakene til orientering.*

**Samrøystes vedteke.**

### **Sak 005/16 Forretningsorden for interimsstyret**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Under punkt om innkalling vart det fremja ynskje om å presisere at offentlege sakspapir skal publiserast på nett, og at tillitsvalde skal varslast når dette vert gjort.

Forslag til vedtak:

*Styret godkjenner forslag til forretningsorden med dei endringar som kom fram i møtet.*

**Samrøystes vedteke.**

### **Sak 006/16 Styregodtgjersle**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Det vart presisert at dette er styregodtgjersla for interimspanoden.

Forslag til vedtak:

- 1. Godtgjersla for styrearbeid setjast til kr 40 000 for ordinære styremedlemer og faste observatørar med tale- og forslagsrett.*
- 2. Møtande varamedlemer og varaobservatørar får ei godtgjersle på kr 5 000 per møte.*
- 3. Godtgjersla for styreleiarvervet i interimsstyret setjast til kr 60 000.*

**Samrøystes vedteke.**

## **Sak 007/16 Møteplan**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Spørsmålet om kva campus dei einskilde styremøta skal finne stad på vert handsama administrativt, avhengig av kva som er praktisk mogleg å få til. Sekretariatet melder attende til styret so snart dette er avklara.

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til møteplan med dei endringar som kom fram i møtet.
2. Styret ber om at oppdatert årshjul vert lagt fram som fast orienteringssak.

**Samrøystes vedteke.**

Styret tok ein kort pause.

## **Til dagsorden**

Styreleiar fremja forslag om endring av dagsorden:

*Flytte sak 008/16 til etter lunsj. Denne saka vil gå for lukka dører.*

**Samrøystes vedteke.**

Merknad: Det vart seinare presisert at berre delar av sak 008/16 vil gå for lukka dører.

## **Sak 009/16                      Organisering av fusjonsprogrammet mellom HiB, HiSF og HSH**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka.

I diskusjonen vart følgjande moment lagt særleg vekt på:

- i diskusjon om framtidig organisering vart det vist til behovet for tilstrekkelig administrative ressursar til grunneiningane
- arbeidet med digitalisering må vere gjennomgåande i alle prosjekta
- auka fagleg kvalitet er den overordna målsetnaden med fusjonen
- behovet for ytterlegare forankring og deltaking for tilsette, studentar og tillitsvalde
- ein ønskte at sekretariatet tok aktivt ta kontakt med studentparlamentar for å gjere dei medvitne over kva innspelsmogleikheiter som finst.

Styret presiserte samstundes at alle desse momenta må vurderast opp mot effektiv arbeidsflyt og oppbinding av ressursar.

**Skauge** fremja forslag om følgjande tillegg til vedtak:

«1. Fusjonsarbeidet skal sikre måloppnåing. Difor er fagleg kvalitet og forankring viktigare enn høgt tempo i fusjonsarbeidet. 2. Sekretariatet legg fram ein meir detaljert tidsplan for prosjekta.»

**Albrigtsen** fremja forslag om følgjande tillegg til vedtak:

«Styret ber sekretariatet syte for at alle tre studentparlament får likt høve til å kome med innspel til samansetnad i fusjonsprogramma sine ulike prosjekt.»

Både tilleggsforslaga til vedtak vart trekte mot at punkta inngår i ei liste over moment som styret legg særleg vekt på. Sekretariatet tek med seg alle gode spørsmål og innspel i det vidare arbeidet med prosjekta, og vil invitere inn prosjektleiarane til å kunne orientere om arbeid og metode på neste styremøte.

Forslag til vedtak:

*Styret tar dokumentet Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH: Programorganisering, prosjekt og mandat, til etterretning.*

**Vedtak**

*Styret tar dokumentet Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH: Programorganisering, prosjekt og mandat, til etterretning med dei merknadar som kom fram i møtet*

**Samrøystes vedteke.**

## **Sak 010/16 Prinsipp for fordeling av SAKS-midler**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Ei nærare orientering og betre oversikt over utgiftene vert presentert på neste møte.

Forslag til vedtak:

*Interimsstyret gjev si tilslutning til dei skisserte prinsippa for disponering av SAKS-midler.*

**Vedtak:**

*Interimsstyret gjev si tilslutning til dei skisserte prinsippa for disponering av SAKS-midler med dei merknadar som kom fram i møtet.*

**Samrøystes vedteke.**

## **Sak 011/16 Studentombod**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka.

Forslag til vedtak:

*Interimsstyret ber om at arbeidet med å etablere en ordning med studentombud ved Høgskolen på Vestlandet prioriteres og at forslag til utlysningstekst for stillingen blir lagt frem i neste styremøte*

**Samrøystes vedteke.**

## **Sak 012/16 Instruks for dagleg leiging i interimperioden**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka.

Forslag til vedtak:

*Styret vedtar instruks for styrets sekretær i samsvar med det framlagte forslag.*

**Samrøystes vedteke.**

## **Sak 013/16 Skildring av budsjettprosessen 2017**

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka.

Forslag til vedtak:

*Budsjettprinsipp og forslag til prosess som er skissert i saksframlegget, blir lagt til grunn for arbeidet med budsjett 2017 for Høgskulen på Vestlandet.*

**Samrøystes vedteke.**

## **Sak 014/16                      **Prosess med studieportefølje****

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka.

Forslag til vedtak:

*Interimsstyret sluttar seg til framlegg til prosess for å fastsetja studietilbodet 2017-18 for Høgskulen på Vestlandet (HVL).*

### **Samrøystes vedteke.**

Styret tok lunsj frå 11.35 til 12.25.

## **Sak 008/16                      **Stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet****

Styreleiar og sekretær presenterte saka. Styreleiar opplyste om at ein mot slutten av denne saka vil lukke møtet. Styret diskuterte saka.

Styreleiar fremja forslag om følgande tillegg til punkt 2 i vedtaksforslaget:

«Styreleiar går inn som medlem av dette utvalet.»

Styreleiar fremja forslag om å gje styreleiar og sekretær fullmakt til å forlenge søknadsfristen på rektorstillinga med sju dagar, dersom dei vurderer det som naudsynt.

Styret samtykka til baa punkt, og det vart lagt til eit ynskje om at stillinga på ny vert lyst ut i landets større aviser. Styret sin sekretær tek kontakt med studentparlamentet og det felles IDF-utvalet og ber dei om innspel til personar til det rådgjevande innstillingsutvalet.

Styremøtet vart lukka 13.05.

Forslag til vedtak:

1. *Styret godkjenner utlysing av stilling som rektor for Høgskulen på Vestlandet.*
2. *Styret ber om at det vert oppretta eit rådgjevande innstillingsutval for tilsetting av rektor, i samsvar med det som er skildra i saksframlegget.*

### **Vedtak:**

1. *Styret godkjenner utlysing av stilling som rektor for Høgskulen på Vestlandet.*
2. *Styret ber om at det vert oppretta eit rådgjevande innstillingsutval for tilsetting av rektor, i samsvar med det som er skildra i saksframlegget. Styreleiar går inn som medlem av dette utvalet.*
3. *Styret gjev styreleiar og sekretær fullmakt til å forlenge søknadsfristen på rektorstillinga med sju dagar.*

### **Samrøystes vedteke.**

Møtet vart heva 13.25.